

Til aksjonærar i Etne Elektrisitetslag AS



**ETNE
EL. LAG**

INNKALLING TIL ORDINÆR GENERALFORSAMLING

Etne Elektrisitetslag AS held Generalforsamling i litle kinosalen på Skakke,

17. juni 2026 kl. 18.00

Aksjonærar som ynskjer å delta på Generalforsamlinga må registrera seg ved å senda melding til post@elagsfondet.no innan 15. juni kl. 15.00 slik at antall aksjonærar som er representert er registrert på førehand.

Desse sakene ligg føre:

Sak 1 - Opning av møtet og opptak av fortegning av møtande/deltakande aksjeeigarar

Sak 2 - Val av møteleiar

Sak 3 - Val av protokollførar og 2 til å skriva under protokollen saman med møteleiar

Sak 4 - Val av teljekorps

Sak 5 - Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 6 - Godkjenning av årsmelding og rekneskapen for 2025, herunder disponering av årsresultat

Sak 7 - Fastsetje godtgjersle for styremedlemmer

Sak 8 - Godkjenning av revisjonsgodtgjersle for 2025

Sak 9 - Val av styremedlemmer, styreleiar og medlemmer til valnemnd

Sak 10 - Innkomne saker

- Endring i retningslinjene slik at religiøse føremål ikkje vert utelatne frå å søkje om midlar
- Endring i vedtektene §8 "Krav om geografisk tilknytning" vedkommande overføring av aksjar frå dødsbo

Sak 11 - Status i saka om omdanning/virksomhetsendring

Heving av møtet.

Saksdokumenta er publisert på www.elagsfondet.no.

Kun aksjonærar samt dei med fullmakt kan møta på Generalforsamlinga i Etne Elektrisitetslag AS. Kvar aksjonær har kun ei stemme. Ein fullmektig kan kun ha fullmakt frå ein aksjonær. Saker som ein ynskjer å ta opp på Generalforsamlinga må vera Etne Elektrisitetslag i hende innan 4. juni 2026.

Ove Wangensteen

Styreleiar

ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2025

Etne Elektrisitetslag AS

1. VERKSEMD OG FØREMÅL

Etne Elektrisitetslag AS (EEL AS) har sitt opphav i Etne Elektrisitetslag SA, etablert i 1932. Etter omorganiseringa i samband med sal av nett- og kraftverksemd til BKK AS (no Eviny AS), opphøyrdede den operative energiverksemda med verknad frå 1. januar 2018. Selskapet vart då omdanna til aksjeselskap.

EEL AS er i dag eit ikkje-operativt selskap utan tilsette, og har som hovudoppgåve å forvalte eigarskapen i Eviny AS og nytte avkastninga i samsvar med vedtektene.

Selskapet sitt vedtektsfesta formål er:

- å eiga aksjar i BKK AS / Eviny AS
- å delta i eller samarbeida med andre selskaper innan digital kommunikasjon, bygde- og næringsutvikling og annan verksemd med forretningsmessig tilknytning til det tidlegare konsesjonsområdet
- å støtta samfunnsnyttige og allmennyttige tiltak til beste for innbyggjarane i konsesjonsområdet

Selskapet har ikkje til føremål å gje økonomisk utbytte til aksjeeigarane, og det blir ikkje utdelt utbytte frå selskapet.

2. STYRE OG VALNEMD

Styret

Styret i Etne Elektrisitetslag AS har i 2025 hatt følgjande samansetjing:

- Ove Kahrs Wangensteen, styreleiar
- Tord Askvig, styremedlem
- Frode Grindheim, styremedlem
- Elin Vik, styremedlem
- Elin Hegerland Hjelvik, styremedlem

Styret har halde 8 styremøter i løpet av rekneskapsåret. Styret mottok godtgjering i samsvar med vedtak, jf. note 2 i årsrekneskapen.

Valnemnd

Valnemnda for perioden 2025/2026 har vore:

- Bjarte Dagestad, leiar
- Torbjørn Tveita Reiso, medlem
- Ann Elin Ljusnes Sævareid, medlem

3. DRIFT OG AKTIVITET I 2025

Selskapet har ikkje tilsette og eig ikkje driftsrelaterte anleggsmidlar. Verksemda har i hovudsak bestått av:

- forvaltning av finansielle egedelar
- handsaming av søknader og utdeling av gåvemidlar
- styrearbeid og oppfølging av juridiske og organisatoriske avklaringar

Etter søknad vart det i 2025 utdelt kr 3 000 000 i gåver til lag og organisasjonar innanfor det tidlegare konsesjonsområdet. I tillegg innstilte styret, i samsvar med kraftkontrakten, overfor formannskapet i Etne kommune at kr 1 500 000 skulle fordelast til søkjarar gjennom kommunen. Dette vart akseptert av Etne kommune.

Ein del av tildelte gåvemidlar var per 31.12.2025 ikkje utbetalte, og er periodiserte som kortsiktig gjeld i selskapet sin balanse.

4. ORGANISASJONSFORM OG JURIDISKE AVKLARINGAR

Styret har i 2025 vidareført arbeidet med å vurdere selskapet si framtidige organisasjonsform. I denne samanhengen har styret hatt løpande dialog med advokat Hans Jacob Reinlund Sæther i Eurojuris og Roy Arne Eike i advokatfirmaet Haver AS. Det er i tillegg etablert samarbeid med Tysnes Kraftlag som er i same vurderingar.

Desse notata er publiserte på selskapet si heimeside www.elagsfondet.no, og saka har òg vore lagt fram som orienteringssak på ordinært årsmøte. I påvente av bindande førehandsuttale frå Skatteetaten legg styret opp til at spørsmålet om eventuell endring av organisasjonsform kan handsamast av eit ekstraordinært årsmøte når tilstrekkelege avklaringar ligg føre.

5. INFORMASJON OG OPENHEIT

Styret legg vekt på openheit og god tilgang til informasjon for aksjeeigarar og ålmenta. Det er difor etablert praksis med løpande publisering av relevant informasjon på selskapet si heimeside: www.elagsfondet.no. Her finst mellom anna:

- oppdatert oversikt over gåvemottakarar
- styrevedtak og dokumentasjon
- informasjon om aktuelle prosessar knytt til organisasjonsform

Styret vil halda fram med denne praksisen også framover.

6. ØKONOMI OG RESULTAT

Årsrekneskapen for 2025 er avlagt i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

- Årsresultat 2025: overskot på kr 178 766
- Selskapet har god egenkapital og likviditet
- Verksemda er fullt ut eigenfinansiert

Selskapet sine finansielle eidedelar består i hovudsak av eigarskap i Eviny AS, samt mindre plasseringar i verdipapirfond. Styret føreslår at årsoverskotet for 2025 vert overført til annan eigenkapital.

7. RISIKO OG FRAMTIDSUTSIKTER

Styret vurderer selskapet sin finansielle risiko som avgrensa. Inntektene er i hovudsak knytte til finansinntekter frå eigarskap i Eviny AS og annan kapitalforvaltning. Styret meiner at selskapet har eit solid økonomisk grunnlag for vidare drift og for oppfølging av vedtektsfesta føremål.

8. VIDARE DRIFT

Årsrekneskapen er utarbeidd under føresetnad om vidare drift, og styret stadfestar at denne føresetnaden er oppfylt.

9. STYRET SI FRÅSEGN

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvissande bilete av selskapet si økonomiske stilling per 31.12.2025 og resultatet for rekneskapsåret.

For styret i Etne elektrisitetslag AS

Etne, 27. april 2026

Ove Kahrs Wangensteen
Leiar

Tord Askvig
Styremedlem

Elin Vik
Styremedlem

Frode Grindheim
Styremedlem

Elin Hegerland Hjelvik
Styremedlem

Signering av Etne Elektrisitetslag AS - Årsregnskap 2025 til signering.pdf

Dette dokumentet er signert digitalt av:

Askvig, Tord	06.05.2026	med Norsk BankID
Frode Grindheim	04.05.2026	med Eingongskode på SMS
Elin Hegerland Hjelvik	07.05.2026	med Eingongskode på SMS
Ove Kahrs Wangensteen	06.05.2026	med Eingongskode på SMS
Vik, Elin	04.05.2026	med Norsk BankID



Årsrekneskap 2025

Etne Elektrisitetslag AS

Resultatrekneskap
Balanse
Notar til rekneskapen
Melding frå uavhengig revisor

Org.nr.: 971 028 513

Etne Elektrisitetslag AS

Resultatrekneskap

Note	Driftsinntekter og driftskostnader	2025	2024
2	Lønskostnad	118 895	160 447
2	Annan driftskostnad	3 765 866	3 482 196
	Sum driftskostnader	<u>3 884 761</u>	<u>3 642 643</u>
	Driftsresultat	<u>-3 884 761</u>	<u>-3 642 643</u>
	Finansinntekter og finanskostnader		
	Anna renteinntekt	395 135	467 085
	Anna finansinntekt	3 668 393	4 584 310
	Annan rentekostnad	1	0
	Resultat av finanspostar	<u>4 063 527</u>	<u>5 051 395</u>
	Resultat før skattekostnad	178 766	1 408 752
3	Skattekostnad på resultat	0	0
	Resultat	<u>178 766</u>	<u>1 408 752</u>
	Årsresultat	<u>178 766</u>	<u>1 408 752</u>
	Overføring		
4	Avsett til annan egenkapital	178 766	1 408 752
	Sum overføringar	<u>178 766</u>	<u>1 408 752</u>

Balanse

Etne Elektrisitetslag AS

Note	Eigedelar	2025	2024
	Finansielle anleggsmiddel		
5	Investeringar i aksjar og partar	<u>73 390 090</u>	<u>73 390 090</u>
	Sum finansielle anleggsmiddel	<u>73 390 090</u>	<u>73 390 090</u>
	Sum anleggsmiddel	<u>73 390 090</u>	<u>73 390 090</u>
	Omløpsmiddel		
	Andre kortsiktige krav	<u>26 269</u>	<u>7</u>
	Sum krav	<u>26 269</u>	<u>7</u>
6	Bankinnskot, kontantar og liknande	<u>8 439 733</u>	<u>8 408 673</u>
	Sum omløpsmiddel	<u>8 466 002</u>	<u>8 408 680</u>
	Sum eigedelar	<u>81 856 092</u>	<u>81 798 769</u>

Balanse
Etne Elektrisitetslag AS

Note	Eigenkapital og gjeld	2025	2024
	Innskoten eigenkapital		
7	Aksjekapital	12 452 852	12 452 852
4, 7	Eigne aksjar	-3 417 126	-3 415 026
4	Overkurs	47 190 355	47 190 355
	Sum innskoten eigenkapital	<u>56 226 081</u>	<u>56 228 181</u>
	Opptent eigenkapital		
4	Annan eigenkapital	21 581 809	21 400 943
	Sum opptent eigenkapital	<u>21 581 809</u>	<u>21 400 943</u>
4	Sum eigenkapital	<u>77 807 890</u>	<u>77 629 124</u>
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	14 736	0
	Offentlege avgifter	58 515	67 645
	Anna kortsiktig gjeld	3 974 951	4 102 000
	Sum kortsiktig gjeld	<u>4 048 202</u>	<u>4 169 645</u>
	Sum gjeld	<u>4 048 202</u>	<u>4 169 645</u>
	Sum eigenkapital og gjeld	<u>81 856 092</u>	<u>81 798 769</u>

Etne, den _____
Styret i Etne Elektrisitetslag AS

Frode Grindheim
styremedlem

Elin Hegerland Hjelvik
styremedlem

Ove Kahrs Wangensteen
styreleiar

Tord Askvig
styremedlem

Elin Vik
styremedlem

Etne Elektrisitetslag AS

Notar til rekneskapen 2025

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og NRS 8 God rekneskapsskikk for små foretak.

Etne Elektrisitetslag SA vart omdanna frå samvirkeforetak til aksjeselskap i juli 2018. Fordelinga av aksjer til dei tidligare samvirkemedlemmane skjedde på bakgrunn av medlemmanes kjøp fra Etne Elektrisitetslag dei siste fem åra før omdanninga.

Odanninga skjedde som eit ledd i ein transaksjon med BKK AS, nå Eviny AS, der Etne Elektrisitetslag overdro det vesentlikste av si verksemd til Eviny. Omorganiseringa skjedde ved at Etne Elektrisitetslag fisjonerte ut sine egedelar og forpliktingar til nystifta selskap og selde aksjane i dei nystifta selskapa til Eviny mot vederlag i aksjar i Eviny AS.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Anleggsmidlar omfattar egedelar som er sette av til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskostnad. Anleggsmidlar blir nedskrivne til beløpet som kan attvinnast ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigåande. Beløpet som kan attvinnast, er det høgste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar som er knytte til egedelen. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi.

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskaps- og skatteverdiane, og underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte. Selskapet balansefører ikkje utsett skattefordel i samsvar med unntaksreglane for små verksemdar.

Aksjar og andre lutar

Investeringar i aksjar og andre lutar er vurdert etter kostmetoden. Aksjar og andre lutar blir nedskrivne til beløpet som kan attvinnast ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigåande. Beløpet som kan attvinnast, er det høgste av netto salsverdi og noverdi av framtidige kontantstraumar ved eige av aksjane..

Etne Elektrisitetslag AS

Notar til rekneskapen 2025

Note 2 Lønskostnader og ytingar til styret

Lønskostnader	2025
Løningar	107 500
Arbeidsgjevaravgift	11 395
Andre ytingar	0
Sum	118 895

Selskapet har sysselsett 0 årsverk i 2025.

Pensjonsforpliktingar

Selskapet er ikkje pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon.

Ytingar til leiande personar	Styret
Løn	107 500
Anna godtgjering	0
Sum	107 500

Note 3 Skatt

Skattekostnad dette året	2025
Resultatført skatt på ordinært resultat:	
Skatt som skal betalast	0
Endring i utsett skattefordel	0
Skattekostnad ordinært resultat	0

Skattepliktig inntekt:	
Resultat før skatt	178 766
Permanente skilnader	-549 549
Skattepliktig inntekt	-370 784

Skatt i balansen som skal betalast:	
Skatt på resultatet dette året som skal betalast	0
Sum skatt i balansen som skal betalast	0

Skatteeffekten av mellombelse skilnader og underskott til framføring som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader

	2025
Akkumulert underskott som kan framførast	-1 798 083
Inngår ikkje i utrekninga av utsett skatt	1 798 083

Etne Elektrisitetslag AS

Notar til rekneskapen 2025

Utsett skattefordel (22 %)	0
-----------------------------------	----------

Etter God regnskapsskikk for små foretak vert ikkje utsett skattefordel balanseført.

Note 4 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Eigne aksjar	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Per. 31.12.2024	12 452 852	47 190 355	-3 415 026	21 400 943	77 629 124
					0
Endring eigne aksjar			-2 100	2 101	1
Årets resultat				178 766	178 766
Per 31.12.2025	12 452 852	47 190 355	-3 417 126	21 581 809	77 807 891

Note 5 Langsiktige verdipapirer

	Innkjøps- kostnad	Marknads- verdi	Balanseført verdi
BKK AS	71 541 387		71 541 387
Verdipapirfondet Heimdal Vidde	1 348 703	2 320 144	1 348 703
Verdipapirfondet Heimdal Tinde	500 000	882 747	500 000
Sum	73 390 090		73 390 090

Note 6 Bankinnskott

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 47 121.

Etne Elektrisitetslag AS

Notar til rekneskapen 2025

Note 7 Aksjonærar

Aksjekapitalen i Etne Elektrisitetslag AS pr. 31.12 er sett saman av:

	Antal	Pålydande	Bokført
Ordinære aksjar	124 528 519	0,10	12 452 852
Sum	124 528 519		12 452 852

Eigarstruktur

Dei største aksjonærane i % pr. 31.12 var:	Aksjar	Eigarandel
Aksjonærar med mindre enn 5% eigardel kvar	79 973 722	64,2
Etne Elektrisitetslag AS - Eigne aksjar	34 171 258	27,4
Etne Kommune	10 404 539	8,4
Totalt antal aksjar	124 528 519	100,0

På generalforsamlinga har kvar aksjeeigar ei stemme. Stemmer som blir avgjevne av ein fullmektig, skal telja som om dei var fullmektigen sine egne, dvs. at kvar fullmektig berre har ei stemme, likevel slik at ein fullmektig som også er aksjeeigar, kan avgje to stemmer.

Etne Elektrisitetslag AS

Resultatrekneskap - spesifikasjon

	2025	2024
Lønskostnad		
5330 Godtgjørelse til styre- og bedr.fors.	107 500,00	135 000,00
5400 Arbeidsgiveravgift	11 395,00	14 310,00
5900 Gave til ansatte fradragsberettighet	0,00	2 358,90
5990 Annen personalkostnad	0,00	8 778,00
	118 895,00	160 446,90
Annan driftskostnad		
6420 Leie datasystemer	30 260,88	27 327,75
6490 Annen leiekostnad	1 539,00	3 810,00
6551 Datautstyr (Hardware)	0,00	5 999,00
6701 Honorar revisjon	42 250,00	55 250,00
6705 Honorar regnskap	62 243,75	47 157,81
6720 Honorar for økonomisk og juridisk bistand	221 031,26	0,00
6755 Honorar VPS-konto	74 036,85	73 515,10
6790 Honorar konsulent oppdrag (kun drift)	123 431,50	48 847,50
6860 Møte, kurs, oppdatering o.l.	8 679,20	16 350,00
6861 Sekretærtjenester vedr drift, møter o.l.	107 015,63	102 187,50
6940 Porto	44 408,00	57 571,00
7310 Annonser	0,00	8 750,00
7320 Reklamekostnad	27 968,75	0,00
7430 Gaver, ikke fradragsberettiget	1 000,00	1 000,00
7431 Gaver fra Elagsfondet, ikke fradragsbere	3 000 000,00	3 015 800,00
7500 Forsikringspremie	10 352,00	9 795,00
7600 Lisensavgift og royalties	612,50	0,00
7710 Styre- og bedriftsforsamlingsmøter	3 367,85	0,00
7740 Øredifferanser	7,00	-0,38
7770 Bank og kortgebyrer	6 237,00	6 585,00
7790 Annen kostnad fradragsberettiget	904,00	1 405,62
7799 Andre kostnader, ikke fradragsberettiget	521,15	845,00
	3 765 866,32	3 482 195,90
Anna renteinntekt		
8051 Renteinntekt bank	-395 135,00	-467 085,00
	-395 135,00	-467 085,00
Anna finansinntekt		
8070 Annen finansinntekt	-8 033,00	-8 860,00
8071 Aksjeutbytte	-3 660 360,00	-4 575 450,00
	-3 668 393,00	-4 584 310,00
Annan rentekostnad		
8150 Annen rentekostnad	1,00	0,00
	1,00	0,00
Skattekostnad på resultat		
8600 BETALBAR SKATT	0,00	0,00
8620 ENDRING UTSATT SKATT	0,00	0,00

Etne Elektrisitetslag AS

Resultatrekneskap - spesifikasjon

	<u>2025</u>	<u>2024</u>
	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>
Avsett til annen egenkapital		
8910 RESULTATDISPONERING	<u>178 765,68</u>	<u>1 408 752,20</u>
	<u>178 765,68</u>	<u>1 408 752,20</u>

Balanse - spesifikasjon

Etne Elektrisitetslag AS

	2025	2024
Investeringar i aksjar og partar		
1350 Investering fond Vidde	2 320 144,39	2 079 034,53
1351 Verdijustering fond Vidde	-971 441,80	-730 331,94
1352 Investering fond Tinde	882 746,97	746 040,38
1353 Verdijustering fond Tinde	-382 746,97	-246 040,38
1360 Aksjer i BKK AS	71 541 387,00	71 541 387,00
	<u>73 390 089,59</u>	<u>73 390 089,59</u>
Andre kortsiktige krav		
1570 Andre kortsiktige fordringer	26 268,88	0,00
2400 Leverandørgjeld	0,00	7,00
	<u>26 268,88</u>	<u>7,00</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande		
1920 Bankkonto 3543 27 12913	-4 066,70	0,00
1930 SPV Driftskonto 3520.48.70126	387,76	240,64
1931 SPV Driftskonto 3626.46.38032	101 708,57	14 343,56
1932 SPV Særvilkår 3626.46.38024	20 236,45	500 560,45
1951 SPV Skattetrekk 3626.42.89607	47 121,00	1,00
1961 SPV 3520.48.78704 - 3 MND NIBOR	8 274 346,00	7 893 527,00
	<u>8 439 733,08</u>	<u>8 408 672,65</u>
Aksjekapital		
2000 Aksjekapital	-12 452 852,00	-12 452 852,00
	<u>-12 452 852,00</u>	<u>-12 452 852,00</u>
Eigne aksjar		
2010 Egne aksjer	3 417 126,30	3 415 025,80
	<u>3 417 126,30</u>	<u>3 415 025,80</u>
Overkurs		
2020 Overkursfond	-47 190 355,10	-47 190 355,10
	<u>-47 190 355,10</u>	<u>-47 190 355,10</u>
Annan egenkapital		
2050 Annen egenkapital	-21 581 808,93	-21 400 942,75
	<u>-21 581 808,93</u>	<u>-21 400 942,75</u>
Leverandørgjeld		
2400 Leverandørgjeld	-14 735,63	0,00
	<u>-14 735,63</u>	<u>0,00</u>
Offentlege avgifter		
2600 Forskuddstrekk	-47 120,00	-53 335,00
2770 Skyldig arbeidsgiveravgift	-11 395,19	-14 310,19
	<u>-58 515,19</u>	<u>-67 645,19</u>

Balanse - spesifikasjon
Etne Elektrisitetslag AS

	2025	2024
Anna kortsiktig gjeld		
2910 Gjeld til ansatte og eiere	49,00	0,00
2960 Påløpt kostnad og forskuddsbetalt inntek	-50 000,00	0,00
2993 Bevilget fra Elagsfondet - ikke utbet.	-1 267 000,00	-4 102 000,00
2994 Bevilget fra Elagsfondet - reskontro	-2 658 000,00	0,00
	<u>-3 974 951,00</u>	<u>-4 102 000,00</u>

Til generalforsamlingen i Etne Elektrisitetslag AS

Uavhengig revisors beretning

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Etne Elektrisitetslag AS som består av balanse per 31. desember 2025, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2025, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Styrets ansvar for årsregnskapet

Styret (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et regnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter viser det til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Haugesund, 8. mai 2026
Cedra Norge AS

Jørn Marcussen

Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Securely signed with Brevio

This document is electronically signed and sealed with Brevio under **eIDAS**, valid in all EU states. Signatures comply with **eIDAS** and **PADES** standards.

The identities of the signers are listed below:

Sak 7 - Fastsetje godtgjersle for styremedlemmer og valkomite

Godtgjersle til styremedlemmer, varamedlemmer og observatører vert fastsatt av generalforsamlinga (AL § 6-10).

I følgje årsregnskapet for 2025 er honorarer utbetalt til Styret i Etne Elektrisitetslag AS på totalt kr 118.895,- (dette inkluderer arbeidsgjevaravgift). Av dette var styrehonorar/honorar til valnemda på totalt kr. 107.500,-.

Beløpa for godtgjersle til leiar, styremedlem og valnemdna vart sist fastsatt i Generalforsamlinga i 2024:

Styrehonorar:

GFS vedtok 25. juni 2024 etter avrøysting at styrehonoraret blir heva for styreleiar til kr 30.000 og kr 20.000 pr. styremedlem pr. år inntil 10 styremøter. Dersom det vert nødvendig med fleire styremøter enn dette, vert honoraret auka med kr 2.000,- pr møte i tillegg til fast honorar. Valnemnda godtgjøres med kr. 3.000 pr medlem pr år uavhengig av antal møter.

Framlegg til vedtak: Styrehonorar vert ikkje endra.

Sak 8 - Godkjenning av revisjonsgodtgjersle for 2025

Revisors honorar for revisjon for Etne Elektrisitetslag AS i 2025 har vore kr. 42.250,-.

Framlegg til vedtak: Revisor vert honorert etter rekning.

Sak 9: Val 2026

Styremedlem Etne EL-Lag				
Namn	Stilling	På val	Ansinitet	Siste år i styret
Ove Kahrs Wangensteen	Styreleiar	2027	4 år	2028
Tord Askvig	Styremedem	2026	5 år	2027
Elin Vik	Styremedem	2026	3 år	2029
Frode Grindheim	Styremedem	2027	6 år	2026
Elin Hegerland Hjelvik	Styremedem	2027	4 år	2028

Val av Styreleiar for 1 år (2026-2027)

På val:

Innstilling frå valkomiteen:

Ove Kahrs Wangensteen

Ove Kahrs Wangensteen (gjenväl)

Val av to Styremedlemmer for 2 år (2026-2028)

På val:

Innstilling frå valkomiteen:

Tord Askvig

Tord Askvig (gjenväl)

Elin Vik

Elin Vik (gjenväl)

Valkomite Etne El-Lag				
Namn	Stilling	Val	Ansinitet	Siste år i valnemnd
Bjarte Dagestad	UT	2026		2025
Torbjørn Tveita Reiso	Styremedlem	2026		2029
Ann Elin Ljusnes Sævareid	Leiar (NY som leiar)	2027		2026

Val av to Medlemmer i valkomiteen

På val:

Innstilling frå valkomiteen:

Bjarte Dagestad

Roar Skårdal (Ny)

Torbjørn Tveita Reiso

Torbjørn Tveita Reiso (gjenväl)

Etne, 20. mai 2026

Bjarte Dagestad

Torbjørn Tveita Reiso

Ann Elin Ljusnes Sævareid

Sak på generalforsamlinga til Etne E-lag AS 2025

I § 3 i vedtektene for Elagsfondet står det at «*Selskapet skal i tillegg ta del i eller støtta samfunnsnyttige tiltak og aktivitetar, samt fremja allmennyttige føremål til beste for innbyggjarane i konsesjonsområdet, samt finansielle investeringar. Selskapet har som mål å vera ei levande kraft i lokalmiljøet.*»

Styret har snevra dette inn gjennom retningslinjene der det er lista opp kven som ikkje kan få støtte. Her er m.a. nemnt «*Religiøse føremål, det vil seia forkynnande verksemd. Unntak er for eksempel barnekor, speidar eller liknande.*»

Vi reagerer på at styret gjennom retningslinjene snevrar inn kven som kan vere søknadsmottakarar. Vi kan ikkje sjå at dette er i samsvar med føremålet til Etne E-lag slik det kjem fram i vedtektene.

Alle innbyggjarar i nedslagsfeltet til tidlegare Etne E-lag har bidrege til det økonomiske grunnlaget til Elagsfondet gjennom nettleige og straumforbruk. Då er det uforståeleg at kristne organisasjonar i bygda og kyrkja kan oppfattast å vere utelatne frå å søkje. Mest 80% av innbyggjarane i Etne er medlemmer i kyrkja. Vi er innforstått med at vi ikkje får støtte til driftsutgifter til direkte forkynnande verksemd. Det er likevel mange ulike føremål som kyrkja i Etne treng støtte til og som heller ikkje vert finansierte av Etne kommune. Vi kan leggje til at Den norske kyrkja er eit eige rettssubjekt, og kyrkjene i Etnebygda er eigde av Etne sokn.

Kyrkja er også ein kulturberar, både gjennom dei ulike aktivitetane i kyrkja og gjennom kyrkjebygga vi har i bygda. Dette understøttar den kristne kulturarven og at kyrkjene vert brukte til å formidla kultur.

Stortinget har vedteke i § 16 i Grunnlova vedteke at: ... *Alle innbyggjarane i riket har fri religionsutøving. Den norske kyrkja, ei evangelisk-luthersk kyrkje, står ved lag som den norske folkekyrkja og blir stødd som det av staten... Alle trus- og livssynssamfunn skal bli stødde på lik line.*

Dette viser at folkekyrkja skal stå i ei særstilling i det norske samfunnet, samstundes som vi sjølvsagt har fri religionsutøving i landet. Styresmaktene ønskjer å leggje til rette for eit livssynsoppe samfunn. Dette inneber m.a. at religiøse føremål ikkje skal utelatast, men tvert om vere ein aktiv og positiv del av lokalsamfunnet. Kyrkja i Etne ønskjer å vere nettopp det.

Ein vanleg månad er det frå 500-700 personar - små og store - innom Etne kyrkje på ulike arrangement. Kyrkja er universelt utforma, noko som gjer ho tilgjengeleg for alle. Kyrkja i Etne er ei inkluderande kyrkje med rom for alle, uansett livssituasjonar og livsfasar, sorg og glede, tru og tvil.

Forslag til vedtak på generalforsamlinga:

Generalforsamlinga ber styret om å slette punktet i retningslinjene der religiøse føremål vert utelatne frå å søkje om midlar.

Med helsing

Etne kyrkjelege fellesråd (aksjonær), Gerd Ingunn Opdal (leiar)

Innkomne saker

Ordinær generalforsamling 2026

Endring av vedtektene

§ 8 Krav om geografisk tilknytning

Aksjar i selskapet kan berre ervervast av privatpersonar og føretak som er busette i, har eigedom i, eller har registrert forretningsadresse innanfor konsesjonsområdet. Med erverv meiner ein i denne samanheng alle overføringar av aksjar, herunder **ved arv**, fusjon/fisjon m.m. Erverv av aksjar skal godkjennast av styret i samsvar med aksjelova §§ 4-16 og 4-17. Samtykke kan berre nektast dersom det ligg føre sakleg grunn. Aksjelova sine regler om forkjøpsrett (§§ 4-19 til 4-23) gjeld ikkje ved eigarskifte av aksjar i selskapet.

Forslag om å fjerne «ved arv» i andre setning.



**ETNE
EL.LAG**

**VEDTEKTER
FOR
ETNE ELEKTRISITETSLAG AS**

§ 1 **Føretaksnamn**

Selskapets namn er Etne Elektrisitetslag AS

§ 2 **Forretningsstad**

Selskapets forretningskontor er på Nyvoll i Etne kommune.

§ 3 **Føremål**

Selskapets føremål er å eiga aksjar i BKK AS. Selskapet kan også driva, delta i eller samarbeida med andre selskap om digital kommunikasjon, bygde- og næringsutvikling og andre aktivitetar med forretningsmessig tilknytning til Etne Elektrisitetslag AS sitt konsesjonsområde per 1. januar 2018 (seinare i vedtektene omtalt som "konsesjonsområdet").

Selskapet skal i tillegg ta del i eller støtta samfunnsnyttige tiltak og aktivitetar, samt fremja allmennyttige føremål til beste for innbyggjarane i konsesjonsområdet, samt finansielle investeringar. Selskapet har som mål å vera ei levande kraft i lokalmiljøet.

Selskapet har ikkje til føremål å skaffe eigarane økonomisk utbyte. Det blir ikkje utdelt utbyte frå selskapet.

§ 4 **Aksjekapital**

Aksjekapitalen er kr 12 452 851,90 fordelt på 124 528 519 aksjar, kvar pålydande kr 0,10 Aksjane kan ikkje pantsetjast.

Selskapets aksjar skal vera registrert i eit verdipapirregister.

Ingen kan eige meir enn 10 % av aksjane i selskapet.

§ 5 **Samansetting av styret**

Selskapet skal ha eit styre som inneheld sju medlemmer. Kvart kjønn skal være representert med minst tre medlemmer.

Sju av styremedlemmene skal veljast av generalforsamlinga for to år om gangen, men likevel slik at tre og fire går ut anna kvart år. Generalforsamlinga vel i tillegg, blant disse sju styremedlemmene, styret sin leiar for eit år om gongen.

Frå Generalforsamlinga 2020 blir Styret redusert frå sju til fem styremedlemmer og skal veljast av Generalforsamlinga for 20 år om gongen.

Tenesteansiennitet skal vere maksimum 6 år samanhengande.

Alle styremedlemer må eiga aksjar i selskapet og tilfredsstillande krava for å erverva aksjar som fastsett i § 8.

§ 6 **Styret sine oppgåver mm**

Styret forvaltar selskapet si drift og skal sørgja for tilfredsstillande organisering. Styret sine oppgåver omfattar dermed blant anna:

- a) å leia selskapet i samsvar med vedtekter og vedtak fatta på generalforsamlinga,
- b) å leggja fram revidert rekneskap (som følgjer kalenderåret) og årsmeldinga kvart år for godkjenning av Generalforsamlinga
- c) å fastsetja planar, budsjett og retningslinjer for forretningsdrifta,
- d) å fastsetja ein styreinstruks som gir nærmare regler om styrearbeidet og sakshandsaminga,
- e) å halda seg orientert om selskapet sin økonomi og sjå etter at drifta, rekneskapa og forvaltninga av formue er under tilfredsstillande kontroll og
- f) å setja i verk dei undersøkingar som styret finn nødvendig for å utføre sine oppgåver.

Styremøtet skal haldast minst to gonger i året, etter innkalling frå styreleiar. Utover dette skal styremøtet

haldast når styreleiar finn det nødvendig, eller når minst eitt av styremedlemmene krev det.

§ 7 **Signatur**

Styret representerer selskapet utad. .

Selskapets firma vert i tillegg teikna av styreleiar og nestleiar i fellesskap eller to styremedlem i fellesskap. Styret kan gi prokura.

§ 8 **Krav om geografisk tilknytning**

Aksjar i selskapet kan berre ervervast av privatpersonar og føretak som er busette i, har eigedom i, eller har registrert forretningsadresse innanfor konsesjonsområdet. Med erverv meiner ein i denne samanheng alle overføringar av aksjar, herunder ved arv, fusjon/fisjon m.m.

Erverv av aksjar skal godkjennast av styret i samsvar med aksjelova §§ 4-16 og 4-17. Samtykke kan berre nektast dersom det ligg føre sakleg grunn.

Aksjelova sine regler om forkjøpsrett (§§ 4-19 til 4-23) gjeld ikkje ved eigarskifte av aksjar i selskapet.

§ 9 **Generalforsamlinga**

Innkalling til generalforsamling skal vera sendt seinast ei veke før møtet skal haldast.

Dokument som gjeld saker som skal opp på selskapets generalforsamling, herunder dokument som etter lov skal takast inn i eller leggjast ved innkallinga til generalforsamlinga, treng ikkje sendast til aksjeeigarane viss dokumenta er tilgjengelege på selskapet si heimeside. Ein aksjeeigar kan likevel krevja å få tilsendt dokumenta som gjeld saker som skal opp på generalforsamlinga.

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad. På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande spørsmål takast opp og avgjerast:

- Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga, herunder tildeling av midlar i tråd med føremålet i § 3.
- Val av styret og honorar
- Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.

§ 10 **Stemmerett på generalforsamlinga**

På generalforsamlinga har kvar aksjeeigar ei stemme. Stemmer som blir avgjevne av ein fullmektig, skal telja som om dei var fullmektigen sine egne, dvs. at kvar fullmektig berre har ei stemme, likevel slik at ein fullmektig som også er aksjeeigar, kan avgje to stemmer.

Endring av stemmerettsreglane i § 10 krev tilslutning frå $\frac{3}{4}$ av stemmene på ei generalforsamlinga der minst 50 % av aksjekapitalen er representert. Det same gjeld endring av føresegna i § 3 tredje ledd om at selskapet ikkje har til føremål å skaffe eigarane økonomisk utbytte, og endring av føresegna i § 12 andre ledd om nytting av likvidasjonsoverskott.

§ 11 **Valnemnd**

Selskapet skal ha ei valnemnd på tre personar, der vekselvis ein og to personar blir vald kvart år. Valnemnda vel sjølv sin leiar.

Valnemnda skal leggja fram for generalforsamlinga forslag til styreleiar og styremedlemmer, samt valnemndmedlemmer. Valnemnda si innstilling skal vera skriftleg og skal leggjast fram for selskapet sine medlemmer saman med innkallinga til ordinært årsmøte. Valnemnda skal også føreslå møteleiar for Generalforsamlinga.

Alle medlemmer av valkomiteen må eiga aksjar i selskapet og tilfredsstillast krava for å erverva aksjar som bestemt i § 8.

Generalforsamlinga skal vedta instruks for valkomiteen. Generalforsamlinga fastset honorar til valkomiteens medlemmer etter forslag frå styret.

§ 12 **Opplysing**

Vedtak om oppløysing krev tilslutning frå $\frac{3}{4}$ av stemmene på generalforsamlinga. Viss eit forslag om oppløysing ikkje får slikt fleirtal, kan saka reisast i ny generalforsamling tidlegast ein månad seinare, som då kan gjera slikt vedtak med det fleirtal som aksjelova bestemmer.

Eit likvidasjonsoverskott skal nyttast til å fremja allmennyttige tiltak i konsesjonsområdet, eventuelt kan overskotet overførast til ei ålmennyttig stifting som har til føremål å fremja ålmennyttige tiltak i konsesjonsområdet. Forslag om oppløysing skal følgja innkallinga til generalforsamlinga med forslag frå styret om korleis likvidasjonsoverskotet skal nyttast. I samband med ei slik oppløysing kan generalforsamlinga også vedta at aksjane i BKK AS og andre eignelutar skal overførast til stiftinga.

Par. 3.2 blei endra i GFS 15.06.2020



**ETNE
EL. LAG**

Retningslinjer for utdeling av gåver

Elagsfondet - skaper energi i Etne. Vi treng di hjelp til å spreia sosial energi i lokalsamfunnet. Bli med på å gjera Etne til ein energisk plass å bu!

Vi engasjerer oss i lokalsamfunnet

Etne Elag er ein stolt gåveutdelar til sport, kultur, friluftsliv og andre gode tiltak i Etne. Vi ønsker å bidra til at Etne blir ein enno betre stad å bu.

Elagsfondet skal gjennom utdelinger av gåver fremja tryggleik, helse og andre ålmennyttige føremål som er førebyggjande, utviklande, aktivitetsskapande og samfunnsbyggjande.

Vi støttar tiltak i Etne innan:

- Idrett
- Friluftsliv
- Kultur
- Miljø
- Klima
- Turisme

Søknadsfrist

Frist 31. august kvart år. Søknadsskjemaet er ope heile året sjølv om ein berre behandlar søknadar ein gong. Dei som har søkt før 31. august, kjem med på årets runde.

Kven kan søkja

- Lag, foreiningar eller organisasjonar som er registrerte i Frivillighetsregisteret, gjerne i samarbeid med andre lag.
- Offentlege verksemder og næringsverksemder kan søkja om midlar dersom prosjektet har eit klart ålmennyttig føremål.

Samtlege søkjarar må ha sitt verksemdsområde i tidlegare Etne Elektrisitetslag AS sitt konsesjonsområde, det vil seia gamle Etne kommune og Kyrping. Ein kan kun søkja om prosjekt som skal realiserast i Etne Elektrisitetslag AS sitt tidlegare konsesjonsområde.

Kven kan ikkje søkja?

- Politiske parti
- Det vert ikkje delt ut gåver til kommunale/statlege institusjonar utan i heilt spesielle høve
- Sponsorat
- Religiøse føremål, det vil seia forkynnande verksemd. Unntak er for eksempel barnekor, speidar eller liknande.

Søknaden kan ikkje omfatta:

- Prosjektkostnader påløpt før søknadsfristen
- Ferieaktivitetar, turar, reiser, cupar, samlingar, leirar, festivalar, konsertar, unntatt i spesielle høve.
- Utgifter til ordinær drift av organisasjonar (for eksempel straumutgifter, reinhald og løpande vedlikehald, faste personalkostnader, forsikringar, renteutgifter, husleige eller avdrag på lån.

Etter tildelinga

Gåver på kr. 25 000,- eller meir skal profilera Elagsfondet gjennom Facebook- eller nettside.

Gåver på kr. 100 000,- eller meir skal også profilera Elagsfondet på skilt, plakat og/eller programinformasjon.

Ved gåvebeløp under kr. 25.000,- skal mottakar dokumentera med foto som viser korleis støtta kom til nytte.

Prosjektet må vera gjennomført innan 3 år etter gåveutdelinga.

Tiltaket som er søkt om tidlegare, må normalt vera ferdigstilt før ein kan søkja på nytt.

Etne Elektrisitetslag gir ikkje grunngjevnad på avslåtte søknader.

Retningslinjer vedtatt 11.02.2019

Revidert i styremøte 22.05.2023